

St. Ansgar kyrkjelyd i Kristiansand på gjesting i Setesdal:

Katolikkar i Bykle kyrkje



Presten, pater Tien, leia høgtida i gamlekyrkja i Bykle. Han var veldig godt nøgd med arrangementet og seier at han godt kan tenkje seg å kome tilbake til Bykle for å feire messe.

-Den katolske messa i gamlekyrkja i Bykle var svært vellukka. No arbeider me for å få det til å bli ein tradisjon med katolsk gudsteneste i Bykle vår og haust, seier Kaja Kristine Tho som var med på å ta imot St. Ansgar kyrkjelyd i Kristiansand til messe i Bykle i fjor haust.

Av Sigurd Haugsgjerd

Laurdag 30. september kom omlag 50 personar frå den katolske kyrkjelyden i Kristiansand med buss for å besøke den nordlegaste utposten i soknet, Bykle. Dei hadde messefeiring i gamlekyrkja og kyrkjekaffi i

Flatelandstoga.

-Det er ikkje så enkelt å vere katolikk i Noreg utanfor byane på grunn av dei lange avstandane, seier Kaja Kristine Tho.

Ho synest difor at det var ekstra giltt at dei kom for å feire messe i Bykle. Pater Tien leia gudstenesta der Sigrud Therese Kornbrekke var

skriftlesar. Alle dei tilreisande var veldig fornøgde med mottakinga. Mange av dei hadde aldri vore i Setesdal før. Difor sat dei mykje og filma på bussturen oppover og nedetter dalen.

Messe vår og haust?

Presten, pater Tien, var også veldig godt nøgd og kunne tenkje seg å kome tilbake til Bykle for å feire messe.

TIL HØGGE: Skriftlesar Sigrud Therese Kornbrekke og Kaja Kristine Tho framfor Flatelandstoga der det var kyrkjekaffi.

-No jobbar med for å få til messefeiring i Bykle vår og haust framover. Me er takksame for at kyrkja



Her er både lutheranarar frå Setesdal og katolikkar frå St. Ansgar kyrkjelyd i Kristiansand samla utanfor gamlekyrkja i Bykle i slutten av september i fjor.